

---

Saknr: 2020/37302-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

---

**Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune**

Forslag til innstilling

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune godkjenner årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

**Samandrag**

Gjennom at kontrollutvalet legg fram årsmelding for føregående år, vert delar av den pålagde rapporteringa frå utvalet til fylkestinget ivareteke.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2019. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk. Normalt ville det vore fylkestinget i Hordaland fylkeskommune som skulle handsama denne, men sidan vi no er over i Vestland fylkeskommune vil det vera naturleg at saka vert handsama av fylkestinget i Vestland.

### Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har vedtakskompetanse i denne saka etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5.

### Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å tilbakemelde til fylkestinget, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatene av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover inn i Vestland fylkeskommune.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til fylkestinget, jf. kommunelova § 23-5 der det m.a. står dette:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»*

Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at fylkestinget godkjenner årsmeldinga i eigen sak.

### Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2019 til godkjenning i fylkestinget.